



AUSTRHEIM KOMMUNE

Rådmannen

Hordaland Fylkeskommune Samferdselsavdelinga  
Postboks 7900

5020 BERGEN

Dato	Vår ref.	Dykkar ref.
01.09.2016	14/804 - 29	

**Melding om vedtak - Prioriteringar av vegprosjekt i Austrheim kommune i samband med Nordhordlandspakka-Uttale**

Sjå vedlagt saksdokument.

Vennleg helsing  
Emma Hjelmtveit  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen underskrift*

Andre mottakere:

Hordaland Fylkeskommune Samferdselsavdelinga, Statens vegvesen Region Vest

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
093/16	Formannskapet	PS	25.08.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FE - 110	14/804

### Prioriteringar av vegprosjekt i Austrheim kommune i samband med Nordhordlandspakka-Uttale

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune prioriterer utifrå nytteprinsippet at midlar i Nordhordlandspakka går til to større prosjekt i Austrheim kommune. Dette er tiltak i to reguleringsplanar som er:

-Områderegulering Nordre Fonnesvågen del av Gnr 131, Braplanid. 2011002. Godkjent 11.02.2016.

-Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy. Braplanid. 2014005. Detaljreguleringa her vert truleg godkjent i kommunestyret hausten 2016.

Grunngjevinga for vedtaket og kva tiltaka som skal prioritert er gjeve i saksutgreiinga.

#### Formannskapet - 093/16 - 25.08.2016

#### FS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

#### FS vedtak:

Austrheim kommune prioriterer utifrå nytteprinsippet at midlar i Nordhordlandspakka går til to større prosjekt i Austrheim kommune. Dette er tiltak i to reguleringsplanar som er:

-Områderegulering Nordre Fonnesvågen del av Gnr 131, Braplanid. 2011002. Godkjent 11.02.2016.

-Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy. Braplanid. 2014005. Detaljreguleringa her vert truleg godkjent i kommunestyret hausten 2016.

Grunngjevinga for vedtaket og kva tiltaka som skal prioritert er gjeve i saksutgreiinga.

#### Saksopplysninger:

Statens vegvesen ved Sindre Lillebø, prosjekteigar har teke kontakt med Austrheim kommune om me

kan prioritera større vegprosjekt i kommunen vår i Nordhordlandspakka. Dette særleg med tanke på område som er ferdig regulert eller under regulering, og der det er fylkesveg. Desse prioriterte prosjekta vert så sendt vidare til dei som arbeidar med Nordhordlandspakka opp mot Stortinget og regjeringa.


I Austrheim kommune har me ein godkjent områderegulering i Nordre Fonnesvågen som og har ein del tiltak regulert på Fv. 565. Austrheim kommune har og for tida planarbeid av detaljregulering av gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen på Fv. 565.

I tillegg er det mange prosjekt som er med i «Kommunedelplan for trafikksikring 2016 – 2023». Denne er no på offentleg ettersyn og vert truleg godkjent i 2016. Mange av dei prosjekta som er nemnd her må finansierast på andre måtar. Austrheim kommune er godkjent som **Trafikksikker Kommune** og vil prioritera høgt slike trafikksikringstiltak framover. I dei siste 7 åra har det skjedd 26 trafikkulykker med personskade. Det er eit håp no at me kan få på plass og bygd gang- og sykkelvegar på ein rimegar måte enn tidlegare tenkt.


**Utifrå nytteprinsippet ser Austrheim kommune at midlar som kan vera i Nordhordlandspakka går til to større prosjekt knytt til desse to reguleringsplanane i Austrheim kommune:**

**1-Områderegulering Nordre Fonnesvågen del av Gnr 131, Braplanid. 2011002. Godkjent 11.02.2016.**


Her byrjar det ein del anleggsarbeid i 2016 knytt opp til gang- og sykkelveg, buslommer og utbetring av vegkryss på denne fylkesvegstrekninga. Det som gjenstår etter dette anleggsarbeidet er ferdig er den regulerte planfrie overgangen over Fv. 565 som vil gjera at bygdene her vert knytta saman på ein tryggare måte for dei mjuke trafikkantane i området. Dette er også ein viktig skuleveg til Kaland skule. Dette er eit høgt prioritert tiltak i framlegg «Kommunedelplan for trafikksikring 2016 – 2023».



**Utsnitt av plankart der den planfrie overgangen går over Fv. 565 (aust i plankart)**



### Detaljar over gangbrua over Fv. 565 (Austrheimsvegen)




Planområdet til områderegulering Nordre Fonnesvågen. Gangbru i søraust på kart.

### 2. Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstrommen med friluftslivområde Ulvøy.

#### Braplanid. 2014005.

Offentleg ettersyn sommaren 2016. Truleg vert denne detaljreguleringa godkjent hausten 2016. På denne fylkesvegen vil strekninga med gang- og sykkelveg frå Mastrevik-Sætre henga saman med eksisterande gang-og sykkelveg lenger vest. Dette strekket som ein ser under er på om lag 600 meter er og ein viktig skuleveg til Årås skule. Dette er eit høgt prioritert tiltak i framlegg «Kommunedelplan for trafikksikring 2016 – 2023».

Plankart over strekninga Mastrevik-Sætre (om lag 600 meter)



#### Vurdering:

Rådmannen synes det er viktig å sikre dei tettast befolka og mest brukte strekningane på fylkesveg 565 med å byrja arbeidet med gang- og sykkelveg i Mastrevik-Sætre og arbeidet med planfri overgang (gangbru) på Fonnes-Kaland. Rådmannen synes og det er viktig å gjera tiltak på skulevegane til Arås og Kaland skule. Rådmannen synes det er rettast å gje dei mjuke trafikantane eit Rådmannen vil difor ta med seg føringane i «Kommunedelplan for trafikksikring 2016 – 2023» som no har vore på offentleg ettersyn. Rådmannen meiner at utifrå nytteprinsippet bør Austrheim kommune prioritera at midlar i Nordhordlandspakka går til to større prosjekt knytt til to reguleringsplanar i Austrheim kommune. Dette er tiltak i planområde i to reguleringsplanar som er:

- Områderegulering Nordre Fonnesvågen del av Gnr 131, Braplanid. 2011002. Godkjent 11.02.2016.
- Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy. Braplanid. 2014005. Detaljreguleringa her vert etter planen godkjent hausten 2016.

Rådmannen viser her til saksutgreiinga over på kva tiltak som er mest viktig å gjennomføra i desse reguleringsplanane. Rådmannen innstiller på trafikksikringstiltak i begge desse to planområda og ber om at desse tiltaka vert prioritert i Nordhordlandspakka.

#### Konklusjon:

Austrheim kommune prioriterer utifrå nytteprinsippet at midlar i Nordhordlandspakka går til to større prosjekt i Austrheim kommune. Dette er tiltak i to reguleringsplanar som er:

- Områderegulering Nordre Fonnesvågen del av Gnr 131, Braplanid. 2011002. Godkjent 11.02.2016.

**-Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy.  
Braplanid. 2014005. Detaljreguleringa her vert truleg godkjent i kommunestyret hausten 2016.**

Grunngjevinga for vedtaket og kva tiltaka som skal prioriterast er gjeve i saksutgreiinga.